

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår dato: 20.09.2017
Vår ref.: 201406675-9
Arkiv: 312
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Tord Solvang
22959248/toso@nve.no

Sunnhordland Kraftlag AS – Søknad om løyve til å byggje Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune i Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Sunnhordland Kraftlag AS, datert 23.8.2017, om løyve til å byggje Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune.

Onarheim kraftverk vil nytte eit fall på 349 m i Hellandselva frå inntak på kote 459 til kraftstasjon på kote 110. Inntaket er planlagt rett nedstraums utløpet av Bremstølvatn (Krolivatnet). Vassvegen på om lag 1900 m er planlagt som kombinert borehull og nedgraven røyrgate. For tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt opprusting av eksisterande veg frå fylkesveg 48. Røyrtrasé frå kraftstasjonsområde til tunnelpåhugg vert nytta som mellombels tilkomstveg i anleggsfasen. Inntaket skal byggast veglaust. Middelvassføringa utgjer 1,49 m³/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3,15 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 8,9 MW og vil etter planane gje ein produksjon på 28,9 GWh årleg. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1850 m lang elvestrekning i Hellandselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring frå inntaket på 200 l/s i sumarsesongen og 85 l/som vinteren.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Onarheim kraftverk med tilhørande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden fell også inn under «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Kvinnherad kommune om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg gjennomsyn på rådhuset i Rosendal fram til **3.12.2017**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **3.12.2017**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Tord Solvang
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Kopi av kunngjering
 Orientering til høyringspartane
 Papirversjon av søknaden (berre til kommunen)

Mottakerliste:

Bergen og Hordaland Turlag
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
Friluftslivets Fellesorganisasjon
Friluftsrådet Vest
Fylkesmannen i Hordaland
HAUGALAND KRAFT NETT AS
Hordaland fylkeskommune
KVINNHERAD ENERGI AS
Kvinnherad kommune
Kvinnherad turlag
Mattilsynet Region Sør og Vest
Naturvernforbundet i Hordaland
NATURVERNFORBUNDET KVINNHERAD
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Norges Miljøvernforbund
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold

Kopi til:

Mari Teigen Varanes
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS v/Inger Johanne Hagen

- KUNNGJERING –

Søknad om løyve til å byggje Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune

Sunnhordland Kraftlag AS søker om løyve etter vassressurslova til å byggje Onarheim kraftverk i Hellandselva. Småkraftverket vil gje ein årleg kraftproduksjon på 28,9 GWh, noko som svarar til straumbruken til om lag 1450 husstandar.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på rådhuset i Rosendal og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Sunnhordland Kraftlag AS v/Inger Johanne Hagen på tlf.: 480 09 206 eller e-post: ijh@skl.as.

Fråsegn kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **3.12.2017**.



ORIENTERING TIL HØYRINGSPARTANE (revidert februar 2013)

Generelt

NVE er konsesjonsstyresmakt i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW) og andre vassdragstiltak. Kongen i statsråd gir løyve til større kraftutbyggingar.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gi løyve etter vassressurslova § 8.

Handsaming av søknaden fram til endeleg vedtak

NVE handsamar dei fleste av søknadane i grupper, vanlegvis etter geografisk plassering. Dette effektiviserer sakshandsaminga samstundes som høyringspartane og NVE kan sjå søknadane i samanheng.

NVE sender søknadane på høyring til kommunar, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som søknadane vedkjem. Høyringsperioden er vanlegvis tre månader for søknadar som blir handsama gruppevis, og minst seks veker for enkeltsaker. Ein eventuell søknad om utsett frist må vere grunngeven. NVE ventar at høyringspartane gir fråsegn på sjølvstendig grunnlag. Vanlegvis blir det ikkje gitt løyve til søknad om utsett frist, dersom det kan forseinke sakshandsaminga.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring. Dei som har uttalt seg i samband med høringa, blir inviterte til å delta på synfaringa. I konsesjonsvurderinga veg NVE fordelar og ulemper mot kvarandre, jf. vassressurslova § 25. Olje- og energidepartementet har som overordna politisk styresmakt gitt retningsliner for handsaming av små vasskraftverk. Desse er å finne på NVE sin nettstad: nve.no.

Dersom NVE gir løyve, blir det knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkår vil omfatte mellom anna vasslepp, naturforvaltning, kulturminne, frist for bygging og sanksjonar ved eventuelle brot på vilkåra.

Kva forventar NVE av høyringspartane?

NVE ønskjer mest mogleg konkrete synspunkt på om løyve bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag om avbøtande tiltak. Fråsegner om energipolitikken til styresmaktene på eit generelt grunnlag, er av avgrensa nytte i sakshandsaminga.

Særleg der søknader blir handsama i grupper, ønskjer NVE synspunkt på den samla belastninga.

Dersom partane er kjend med tilhøve som det ikkje er opplyst om i tilstrekkeleg grad i søknaden, ønskjer NVE opplysningar om det.

Det blir forventa at kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og andre styresmakter gir fråsegn med utgangspunkt i sine høvesvise ansvarsområde. Kommunane blir spesielt bedne om å vurdere søknadane opp mot gjeldande arealplanstatus.

Fråsegnene, opplysningane i søknaden og retningslinene frå Olje- og energidepartementet er viktige for vurderinga og vedtaket til NVE.

Rett til motsegn og klage

Ein treng ikkje handsama energianlegg etter plan- og bygningslova, og det er ikkje lenger krav om reguleringsplan. For å ta vare på meininga bak motsegnsinstituttet i plan- og bygningslova, er det gitt reglar i energi- og vassdragslovgjevinga om rett til motsegn og klage, jf. vassressurslova § 24. NVE vil understreke at ei eventuell motsegn må bli fremja i høyringsperioden. Sjå nettstaden vår for meir informasjon: nve.no/konsesjoner.

Partane kan klage på NVE sitt vedtak til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt dei mottok orientering om vedtak. NVE syner til kapittel VI i forvaltningslova om klage og omgjerding.